

Alver kommune

Frådelingssak

Tilsvar på «førebels svar med trong for tilleggsopplysningar – gnr.202/4 Hjelmås».

Referanse:20/19224 – 21/4152

1. Søkjer herved om dispensasjon frå reguleringsplan for området som ligg i kommuneplan 2019-2031. Området skal nyttast til parkeringsområdet for Hjelmås kapell. Deler av området ligg i reguleringsplanen for området. Naboane er gjort kjent med planane for at heile omsøkt område er tenkt nytta til parkeringsareal til Kapellet, dette kungjort ved vedlagt kart når dei mottok nabovarsel.
2. Me forstår det slik at område som skal nyttast til offentleg føremål «kollektivhaldeplass» ikkje kan overtakast av oss, og er derfor usikre på kor stort dette området vert. Vi ber derfor om at kommunen tek omsyn til dette. Om soknet får overta heile området vil vi ikkje motsei oss eit vidare sal til føremålet når dette vert behov for. Dette ville også vera etter seljar sitt ynskje.
3. Søknad om dispensasjon for avkjørsle og byggegrense er sendt Vestland fylkeskommunen.
4. Soknerådet søkjer herved også om fritak for kommunale gebyr, då dette vert ein stor ekstrabelastning for soknet og bygdefolket då dei må kosta dette sjølve. Dette grunna i at det vanlegvis er ei kommunal oppgåve å bygge parkeringsplass ved kapellet, men kapellet manglar parkeringsplassar. Ved større samkomer og ved gravferder nyttar besøkjande vegskulder på Fv. til parkering. Soknet ynskjer slutt på dette og vil derfor utvida parkeringsområdet.

Ostereidet 06.02.2021

For Osterfjorden sokneråd

Alf Angelskår